LINDÅS KOMMUNE
Eining for helsetenester

Grendahuset Strilatun SA
Risåsen 1
5912 SEIM

Referanser:	Saksbehandlar:	Dato:
Dykkar:	Ingunn Øvretveit	31.10.2018
Vår: 18/3073 - 18/32809	Ingunn.Ovretveit@lindas.kommune.no	

Grendahuset Strilatun - kontroll 20.10.18

Viser til rapport etter utført kontroll av skjenkeløyve 20.10.18.

Grendahuset hadde eit ambulerande løyve på all alkoholhaldig drikk frå Lindås kommune denne kvelden. Etter kontrollen kom det fram to merknader/problemstillingar frå kontrollørane:

- Det vart skjenka både medbrakt alkohol og alkohol frå bar frå løyvehavar.

Regelen er at medbrakt alkohol ikkje er tillatt, jf Alkoholforskriften §4-4 « *Det må påses at gjestene ikke nyter medbrakt alkoholholdig drikk, eller medtar alkoholholdig drikk når de forlater skjenkestedet.»*

- Skjenkestaden hadde ingen oversikt over gjestar som var tilstades mellom 18 og 20 år.

Alkhollova sette klare krav til alder ved skjenking av alkohol, jf. Alkohollova §1-5. Det er løyvehavar sitt ansvar at det ikkje vert skjenka til personar som ikkje oppfyller alderskravet eller dei drikk alkohol som er skjenka andre gjestar, jf. Alkoholforskrifta § 4-3.
Ein ber om at skjenkestaden utarbeidar rutiner for kontroll av dette ved slike arrangement eller set krav om aldersgrense.

Til orientering er hovudregelen etter alkohollova § 8-9 er at det forbode å drikke eller servere alkohol utan skjenkebevilling i denne type lokale, sjølv om dette skjer uten vederlag.
Unntaket for bevillingsplikta er når lokalet vert nytta av ein privatperson for ein enkelt bestemt anledning og utleigar/utlånar ikkje er involvert i arrangementet på anna måte enn at lokala vert stilt til rådigheit og den som er leigetakar/lånartakar av lokala har med eigen alkohol.

Ta gjerne kontakt med underteikna om de har spørsmål.

Med helsing

Reidun Sæbdal
einingsleiar

Ingunn Øvretveit
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Alkoholkontrollørane

Mottakarar:

Grendahuset Strilatun SA	Risåsen 1	5912	SEIM
Grendahuset Strilatun SA	Risåsen 1	5912	SEIM